

Saknummer: 06/00763
Løpenummer: 004187/06
Arkivkode: D13 &13
Saksbehandlar: Trude Brosvik

21 - 19 Møtedato
M. Oppedal dok 3

MØTEBOK
Gulen kommune

Kultur- og kirkeleg.	
Saksnr. 200605491	Dato 04.09.06
Kode Ki-501	Beh.....

Saknummer	Utval	Møtedato
0067/06	Kommunestyret	31.08.2006

STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Kultur- og kyrkjedepartementet, Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Opptrykt samandrag, kap. 2
- Høyringsark med avkryssingar og kommentarar

Ikkje utsende vedlegg:

- Utgreiinga NOU 2006:2, Staten og den norske kyrkja, er publisert på ODIN (<http://www.dep.no/kkd/norsk/tema/kirke/043031-230030/dok-bn.html>)

Saksutgreiing:

Stat-kyrkje utvalet vart oppnemnt i 2003. Mandatet deira var å gje grunnlag for å treffe avgjerd om statskyrjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast. I tillegg til sjølve ordningsspørsmålet, skulle utvalet vurdere finansieringsordningar, gravferdsforvaltning og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Også eigedomsretten til kyrkjer, kyrkjegardar og Opplysningsvesenets fond ved eit evt. opphøyr av statskyrja skulle utgreiast.

Hovudspørsmålet er korleis stat og kyrkje skal vere knytt til kvarandre. Det er utgreidd tre modellar:

	Grunnlovforankra folkekyrkje	Lovforankra folkekyrkje	Sjølvstendig folkekyrkje
Rettsleg forankring	Grunnlova	Særlov gjeven av Stortinget	Truomssamfunnslova
Øvste mynde	Kongen i kyrkjeleg statsråd	Kyrkjemøtet	Kyrkjemøtet
Utneimning av biskopar og prostar	Kongen i kyrkjeleg statsråd	Kyrkja står fritt	Kyrkja står fritt

Til høyringa er det frå departementet utarbeidd eit spørje/avkryssingskjema. For å gjere saka enklast mogeleg, fyller eg ut eit slik skjema og så tar vi debatten ut frå det.

Hovudlinjene som eg legg til grunn for utfyllinga er:

- Eg meiner det er prinsipielt rett med eit skilje mellom kyrkje og stat. Av omsyn til at ein så stor del av det norske folk er medlemar i statskyrkja, og uttalt ønskje om "låg terskel" og trongen for ritual, tilrår eg "mellom-løysinga"; Ei lovforankra folkekyrkje. (som fleirtalet)
- At offentlege overføringar står for hovedfinansieringa, med statlege tilskot som dekkar løn og personalomkostningar og kommunale tilskot som dekkar bygging, forvaltning, vedlikehald og drift av kyrkjebygg. Kombinert med eit medlemsbidrag som dekker kyrkjelyden si øvrige verksemd. (som fleirtalet)
- Kyrkjeleg fellesråd held fram med ansvaret for kyrkjegardane. (mindretal)
- At eigedomar og kyrkjefond (inkl. Opplysningsvesenets fond), som ikkje er eigd av private eller av sokna åleine, vert overført til Den norske kyrkja. (fleirtalet)

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til svara på høyringsarket.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 31.08.2006:

Nye framlegg:

Framlegg vert presentert ved avrøysting punktvis.

Røysting:

Spørsmål 1:

Krf sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Spørsmål 2:

Sp kom med fylgjande framlegg til vedtak: Den norske kyrkje som statskyrkje bør fortsetje. Det vart røysta alternativt mellom Krf og Sp sitt framlegg til vedtak: Sp sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 8 røyster.

Spørsmål 3:

Sp kom med fylgjande framlegg til vedtak: Den norske kyrkje bør vere forankra i grunnlova. Torbjørn Kolås, V kom med slikt framlegg til vedtak: Den norske kyrkje bør vere forankra i lov om trussamfunn.

Det vart først røysta over Torbjørn Kolås sitt framlegg til vedtak: det fekk 1 røyst.

Det vart deretter røysta alternativt mellom Krf og Sp sitt framlegg til vedtak: Krf sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 8 røyster.

Spørsmål 4:

Sp kom med fylgjande framlegg til vedtak: Den norske kyrkje bør vere finansiert med offentlig finansiering utan medlemsavgift

Det vart røysta alternativt mellom Krf og Sp sitt framlegg til vedtak: Sp sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 9 røyster.

Spørsmål 5:

Krf sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Spørsmål 6:

Krf kom med framlegg om fylgjande tilleggsuttale: Det bør også stå i § 2 at den norske kyrkje er ei evangelisk-luthersk kyrkje. Krf sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Spørsmål 7:

Torbjørn Kolås, V kom med slikt framlegg til vedtak: Kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Det vart røysta alternativt mellom Krf og Torbjørn Kolås sitt framlegg til vedtak: Krf sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

Spørsmål 8:

Krf sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttalen vart deretter samrøystes vedteke.

Vedtak:

Spørjeskjema vert utfylt i samsvar med vedtekne synspunkt.